

3 PLANSTATUS OG RAMMER FOR PLANARBEIDET

3.1 OVERORDNA PLANAR :

3.1.1. FYLKESPLAN

Fylkesplanen for 2005 – 2008 er forlenga inntil vidare. Ein del andre fylkesdelplanar er utgått, men er framleis rekna som retningsgjevande. Ingen av desse planane har direkte innverknad på planarbeidet. Ein del av intensjonane i fylkesplanlegginga, som t.d. fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og fylkesdelplan for kulturminne er fanga opp i kommuneplanen med tilhøyrande omsynssonar.

3.1.2. KOMMUNEPLANEN FOR 2011 – 2022, AREALDELEN

Reguleringsplanen avvik frå arealdelen i gjeldande kommuneplan der området er avsett til LNFR-areal.

3.2 TILGRENSANDE REGULERINGSPLANAR :

Planen grensar tilnerma direkte til reguleringsplanen for Geilane-Kyte med 20 bustadtomter. Alle desse er utbygt. I ein avstand av ca 500 meter ligg reguleringsplanen Todalen-Kyte med 14 bustadtomter. Her er nokre ledige tomter. Ca 1 km mot vest ligg eit felt med 11 bustadtomter som i kommuneplanen 2011 - 2022 er kalla Norheimsmarka bustadfelt. Området er under planlegging.

3.3 STATLEGE PLANRETNINGSLINJER / RAMMER / FØRINGAR

- Naturmangfaldlova
- Forskrift om konsekvensutgreiingar :
- Rikspolitiske retningsliner for born og unge.
- Rikspolitiske retningsliner for universell utforming.

4 SKILDRING AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE



Området ligg i barskogen bak fv 308. Til høgre for den raude streken.

4.1 AVGRENSING AV PLANOMRÅDET :

Planområder ligg på Øvre Kyte om lag på kote 340 – 360. I nord grensar området til bustadfeltet Geilane-Kyte og til landbruksområde-beite. I aust til utmarksområde. I sør og vest til spreidd busetnad. Området er delt i 2 av den eksisterande Lemmesvegen.

4.2 NATURMANGFALD.

Det er gjort søk i Naturbasen. Det er ikkje registrert funn innafør området.3

4.3 BRUK AV OMRÅDET OG TILGRENSANDE AREAL :

Det meste av området er i dag uproduktiv mark, til dels «skrapmark», med noko skog. Vest for vegen gjennom planområdet er det for det meste barskog. Aust for vegen er det blandingsskog. Eit mindre parti mot nord er beitemark.

Grovt sett er arealbruken: Beite: 3 – 4 da. Barskog: 12-13 da. Blanda skog og myr: 31 da. Rein myr: 12 da.

Tilgrensande areal er utmark, beitemark og frittliggjande bustader med velstelte hagar. Ingen bygnad i området. Ingen arbeidsplassar er knytt til området.

Område vest for Lemmesvegen.

4.4 LANDBRUK OG KULTURLANDSKAP:

Eit mindre parti mot nordaust i planområdet er i kommuneplanen vist som omsynssone for kjerneområde for landbruk. Og det er også bustadane i same område. Viser til foto. Det ligg i den delen av området som er brattlendt og difor også har best fjernutsikt. Reint faktisk representerar det aktuelle området i dag ein liten del av det samla beiteområdet på gbnr. 104/3 og er ikkje vesentleg for drifta av bruket.